



Bremanger kommune Oppvekst

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I BREMANGER

a) **Eigartilhøve**

Bremanger kommune er eigar og ansvarleg for drifta av SFO i kommunen. Driftssjef på oppvekstsenteret er driftsansvarleg.

b) **Opptaksmynde**

Driftssjef på kvar eining gjer opptak av barn i SFO. Klage vert avgjort av Kommunalsjef for Oppvekst.

c) **Opptakskriterium**

- SFO omfattar normalt barn på 1.-4. klassesteg. Eldre barn kan takast inn dersom det er ledig plass.
- Alle barn stiller i utgangspunktet likt ved opptak når søknad er kommen innan fristen.
- Det vert gjeve fortrinn for barn med funksjonshemmingar og for barn der leiketilhøva er dårlege i barnet sitt nærområde.

d) **Opptaksperiode og oppseiing av skulefritidsplassen**

- Opptak skjer normalt frå starten av nytt skuleår og gjeld for heile skuleåret. Dersom det er plass, kan barn takast opp når som helst i skuleåret.
- Plass kan seiast opp frå den 1. og den 15. i kvar månad, men med minst 14 dagars skriftleg varsel. Reglane gjeld også ved endring i opphaldstid.
- Det er høve til å søkje om permisjon med betalingsfri i særlege tilfelle. Driftssjef avgjer søknaden.

e) **Foreldrebetaling**

Foreldrebetalinga vert sett til ein fast sats pr. mnd på bakgrunn av vedteken timesats og opphaldstid.

f) **Leike- og opphaldsareal**

Bruk av leike- og opphaldsareal skjer ved sambruk av skulen, evt. barnehagen sine lokale/leikeareal. Sambruk gjeld også bruk av utstyr og materiell.

g) **Dagleg opphaldstid og årleg opphaldstid**

Lokale behov avgjer kor lang den daglege opningstida skal vere. Tilbod i sommarferien er likeeins ut frå lokalt behov. Det einskilde oppvekstsenter avgjer om SFO skal ha ope i sommarferien. Dersom SFO skal ha ope i sommarferien, må det vere dokumentert eit behov

for minst 6 plassar. Evt. kan samarbeid med barnehagen opne for tilbod sjølv om behovet er mindre.

h) Bemanning og leing

- SFO vert bemanna med 1 vaksen pr. 14 barn.
- Pedagogisk personale eller fagarbeidar bør utgjere halvparten av dei tilsette.
- Driftssjef er administrativ og fagleg leiar av SFO.
- Når samla stillingsprosent utgjer minst 100%, kan eigen leiar for SFO tilsetjast.

Pr. 12.10.2011